NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr. 11 — Fylke: Vestfold

Emne: Grise attåtfôr — Herad: Sem

Oppskr. av Andreas Ropeid — Sokn: Sem

Etter Lars Fritzø, f. 1885 på Fresje (Fritzø); bonde dr.

I A og B. Ukjent

II A og B. Ukjent, også vassplanter.

III. L.F. hugsar frå han var liten at ei gammal kone i grannelaget sanka saman nesle til grisen. Han trur at ho kokte den. Han tykte det var rart.

IV Ukjent

V

1. Så lenge han kan hugse har dei ~~nytta~~ kalla det hakkels, men han trur det tidlegare heitte sörpe. L.F. nyttar hakkels ennå, men det er ikkje mange som gjer det nå. Dei nyttar halmen heil, dersom dei då ikkje nyttar skurtröskjar og brenn halmen. Han kan hugse godt at det vart nytta „sörpebytter". Dei var oml. 40 cm i tverrmål og oml. 30 cm höge, litt vidare oppe enn nede. Tvo staven var høgare enn dei andre og tente som handtak. Seinare kom det tröer (tro, f.) av tre; dei er eldre enn han kan hugse på fleire gardar. Omkring 1900 kom glaserte tröer.
Hakkelsen vart ikkje kokt, det var slått vanleg ~~ka~~ kaldt vatn på; litt mjöl og hos enkelte turnips.

2. Det vart nytta hakkels og agne.
3. Nykalvar fekk ikkje serskild tillaga sørpe.
4. Ukjent
5-6. Mask (?) og serleg drank har vore nytta. m.a. av Olsen Nauen, men L.F. kjenner ikkje til korleis
7. Ukjent.

VI.

Det har vore nytta litt salt sild av og til, men forsvinnande lite.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9616